

Kjære biskop, kjære venner

I dag, kjære biskop, er det nesten nøyaktig 14 år sidan du blei utnemnd i statsråd av min forgjengar Trond Giske.

28. november 2008, for å vere heilt nøyaktig.

Det kyrkjelege votumet var soleklart:

Du hadde klart flest førstestemmer blant prestane, prostane, professorane, sokneråda, kateketane, kantorane og diakonane.

Blant biskopane var det også eit klart fleitall som ønskte deg inn i bispekollegiet, og også Kyrkjerådet sette deg på første plass.

Sjeldan har vel ein biskop vert meir unisont ønska i embetet sitt!

«Samlande»,

«karismatisk og uredd»,

«oppteken av å vidareutvikle det lokale kyrkjelydsarbeidet»,

«god og poengtert kommunikator»,

«ein offensiv teolog i møte med media og aktuelle spørsmål i samfunnsdebatten»

«stor teologisk fagkompetanse»,

«internasjonal erfaring og økumenisk vidsyn»

og

«kunnskapsrik og reflektert i forholdet mellom teologi og praktisk kyrkjeliv»

Dette er berre nokre av superlativa eg har hørt om deg. Dei fleste sagt då du blei utnemnd. Alle står seg like godt i dag.

Personleg ville eg òg lagt til: «stor kapasitet». Dei mange bøkene du har publisert i di tid som biskop, vitnar utvilsamt om det.

Ein biskop med stor kapasitet i eit stort bispedømme.

At Bjørgvin er eit stort bispedømme, handlar om meir enn at det er Noregs største geografisk sett. Det er også stort i kulturell og religiøs tyding.

Det er lange avstandar i Bjørgvin. Fjordar og fjell som skapar djupe og høge stengsler. Flotte kyrkjebygg i små kommunar med avgrensa ressurar. Bykultur og bygdekultur. Kystkultur og innlandskultur. Vekkingskristendom og dåpsforankra folkekirkjetenkning. For berre å nemne noko. I tillegg står Sjømannskyrkja under kyrkeleg tilsyn av biskopen i Bjørgvin, – ein del av Den norske kyrkja som har sin heilt særeigne profil.

Etter mi mening er det alt dette mangfaldet som gjer Bjørgvin til eit så fantastisk vakkert og spennande bispedømme – sa ho, heilt utan å vere inhabil.

Men eg forstår at dette kan gjere det utfordande å skape retning og samhald i bispedømmet – som jo er ei svært viktig oppgåve for ein biskop.

Likevel trur eg det er nettopp det du har klart.

«Han har klart å balansere mellom det høykirkelige og lavkirkelige og være en biskop som favner alle [...] og som møter stor respekt både fra konservative og liberale», var religionsredaktør i Vårt Land, Elise Kruse, si oppsummering etter å ha fulgt deg gjennom fleire år.

Du har vert engasjert og tydeleg.

Klar på at tvil ikkje er til hinder for tru.

At Guds nåde og fellesskapet med Faderen, Sønnen og den Heilage Ande er der for alle som vil ta imot.

Under visjonen «Saman vil viære Den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd» har du motivert til teneste.

I samtalar og møter har du vert tett på både frivillige og tilsette. Sist vist no i «avskjedsturneen» du har hatt rundt om i bispedømmet.

Sjølv om det ikkje lenger er staten som utnemner biskopar, tilhøyrer du som sagt den generasjonen som blei utnemd av Kongen i statsråd.

På vegner av regjeringa vil eg difor få takke deg for di teneste som biskop her i Bjørgvin og ønskje deg alt godt for tida som pensjonist på andre sida av fjella.